



Harald Sætre frå Uskedalen har teke mange av bileta i "Dei fine ferjene" og dette er frå Løfallstrand.

Fredag er det duka for ein ny Bøkkerveld og primus motor Kristian Bringedal opplyser at det framleis er 10 plasser ledige. Han må ha innmelding snarast frå dei som vil vera med.

Eitt av fleire høgdepunkt denne gongen blir då Otto Ersland (som har skreve boka "Dei fine ferjene") kåserer og synar slides frå arbeidet sitt med å spora opp dei gamle HSD-ferjene i inn- og utland. Kvar vart det eigentleg av dei?

Med boka om ferjene har Ersland teke vare på eit viktig stykke lokalhistorie og eit sentralt element i moderniseringa av vestlandssamfunnet.

Den første fine ferja var Folgefonn frå 1938 og den siste Odda, som vart bygd i 1968. Slik Ersland ser det var dette gullalderen for ferjene.

Elles er det 13 gongen på rad det vert skipa til kystkulturkveld i Bøkkerverkstaden.

Kjell Borge Olsen og sonen Leif Henrik stiller med femmannsorkester. Nytt i år er ein framifrå jazztrekkspelar og truleg vert det innslag av ein jodlar.

Som vanleg vert det servert lubbesild og potet.

Av Ola Matti Mathisen